

## KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/23/13

av 6. desember 1999

**om oppheving av vedtak 1999/356/EF og om særskilde vilkår for import av jordnøtter og visse produkt framstilte av jordnøtter som har opphav i eller er sende frå Egypt(\*)**

[meldt under nummeret K(1999) 4232]

(2000/49/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 93/43/EØF av 14. juni 1993 om næringsmiddelhygiene<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 10 nr. 1,

etter å ha rådspurt medlemsstatane og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsvedtak 1999/356/EF av 28. mai 1999 om mellombels innstilling av importen av jordnøtter og visse produkt framstilte av jordnøtter som har opphav i eller er sende frå Egypt<sup>(2)</sup> gjeld inntil 1. desember 1999, og bør opphevast.
- 2) Det er slått fast at jordnøtter som har opphav i eller er sende frå Egypt, er ureina med aflatoksin B1 i store mengder. Prøvetaking viser alvorleg og tilbakevendande ureining med aflatoksin i jordnøtter som har opphav i eller er sende frå Egypt.
- 3) Vitskapsutvalet for næringsmiddel har slått fast at aflatoksin, særleg aflatoksin B1, er kreftframkallande stoff som sjølv i små dosar kan føre til leverkreft og i tillegg er genotoksiske.
- 4) I kommisjonsforordning (EF) nr. 1525/98<sup>(3)</sup> om endring av forordning (EF) nr. 194/97 er det fastsett høgsteinnhald av visse ureinande stoff, særleg aflatoksin, i næringsmiddel. Innhaldet i prøver av jordnøtter som har opphav i eller er sende frå Egypt, går langt over dei øvre grensene som er fastsette. I den førnemnde forordninga er dei øvre grensene for innhald av aflatoksin B1 i jordnøtter som er meinte for direkte konsum, og i jordnøtter som skal sorterast eller handsamast på annan måte,

fastsette til høvesvis 2 og 8 milliarddelar (ppb). Det er påvist ureining med aflatoksin B1 på opptil 485 ppb i jordnøtter frå Egypt.

- 5) Egypt er ein viktig eksportør av jordnøtter til Fællesskapet, og eksponering av menneske for jordnøtter eller jordnøttprodukt som er ureina av aflatoksin, utgjør eit alvorleg trugsmål mot folkehelsa i Fællesskapet.
- 6) Ei gransking av dei hygieniske tilhøva i Egypt syner at det er naudsynt med ein betre hygienepraksis og betre høve til sporing når det gjeld jordnøtter. Dei egyptiske styresmaktene har plikta seg til særleg å betre praksisen for produksjon, handtering, sortering, handsaming, emballering og transport. Det er difor føremålstenleg å la særskilde vilkår gjelde for jordnøtter og produkt framstilte av jordnøtter som har opphav i eller er sende frå Egypt, for såleis å sikre eit høgt nivå for vern av folkehelsa.
- 7) Det er naudsynt at jordnøtter og produkt framstilte av jordnøtter er vortne produserte, sorterte, handterte, handsama, emballerte og transporterte i samsvar med god hygienepraksis. Innhaldet av aflatoksin B1 og det samla innhaldet av aflatoksin må fastsetjast ved prøver som vert tekne av eit parti straks før det vert sendt frå Egypt.
- 8) Det er naudsynt at dei egyptiske styresmaktene legg ved dokumentasjon til kvart einskilt parti med jordnøtter som har opphav i eller vert sendt frå Egypt, om tilhøva for produksjon, sortering, handtering, handsaming, emballering og transport, og dessutan om resultatane av laboratorieanalysane som er vortne gjorde av det aktuelle partiet med omsyn til innhaldet av aflatoksin B1 og det samla innhaldet av aflatoksin.
- 9) Det er naudsynt at parti med jordnøtter som har opphav i eller vert sende frå Egypt, vert analyserte på ein systematisk måte på innførselsstadene til Fællesskapet, slik at innhaldet av ureining med aflatoksin B1 og det samla innhaldet av aflatoksin kan fastsetjast –

(\*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 19 av 25.1.2000, s. 46, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 108/2001 av 28. september 2001 om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 60 av 6.12.2001, s. 15.

<sup>(1)</sup> TEF L 175 av 19.7.1993, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 139 av 2.6.1999, s. 32.

<sup>(3)</sup> TEF L 201 av 17.7.1998, s. 4.

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

1. Medlemsstatane kan importere

- jordnøtter med skal, som høyrer inn under KN-kode 1202 10 90, eller avskala jordnøtter som høyrer inn under KN-kode 1202 20 00, knuste eller ikkje, eller
- rista jordnøtter som høyrer inn under KN-kode 2008 11 92 (i forbrukaremballasje med ei nettovekt på over 1 kg) eller KN-kode 2008 11 96 (høgst 1 kg),

som har opphav i eller er sende frå Egypt, og som er meinte for konsum eller for bruk som næringsmiddelingsrediens, såframt resultatane av offisiell prøvetaking og analyse ligg ved kvar sending saman med eit hygiene-sertifikat som svarar til modellen i vedlegg I, utfylt, underskrive og attestert av ein representant for det egyptiske landbruksdepartementet.

2. Sendingar kan berre importerast til Fellesskapet gjennom ein av dei innførselsstadene som er oppførde i vedlegg II.

3. Kvar sending skal merkjast med ein kode som svarar til koden på resultatane av den offisielle prøvetakinga og analysen og på hygiene-sertifikatet som er nemnt i nr. 1.

4. Medlemsstatane skal kontrollere dokumenta som følgjer med sendingane, for såleis å sikre at kravet om hygiene-sertifikat og prøveresultat som det er vist til i nr. 1, vert stetta.

5. Medlemsstatane skal ta prøver og gjere analysar av sendingar på ein systematisk måte med omsyn til innhaldet av aflatoksin B1 og det samla innhaldet av aflatoksin før

sendingane vert frigjevne til marknaden frå staden der dei vert førde inn i Fellesskapet, og dei skal opplyse Kommisjonen om resultatane av desse analysane.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket skal granskast på nytt innan 30. november 2000 for å vurdere om dei særskilde vilkåra som er nemnde i artikkel 1, sikrar eit tilstrekkeleg nivå for vern av folkehelsa i Fellesskapet. Det skal òg vurderast om dei særskilde vilkåra framleis er naudsynte.

*Artikkel 3*

Vedtaket 1999/356/EF vert oppheva.

*Artikkel 4*

Medlemsstatane skal setje i kraft dei tiltaka som er naudsynte for å rette seg etter dette vedtaket. Dei skal melde frå til Kommisjonen om dette.

*Artikkel 5*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærda i Brussel, 6. desember 1999.

*For Kommisjonen*

Erkki LIIKANEN

*Medlem av Kommisjonen*

## VEDLEGG I

## HYGIENESERTIFIKAT

**for import til Det europeiske fellesskapet av jordnøtter og visse produkt framstilte av jordnøtter som har opphav i eller er sende frå Egypt**

Sendingskode ..... Sertifikatnr.....

I samsvar med føresegnene i kommisjonsvedtak 2000/49/EF om særskilde vilkår for import av jordnøtter som høyrer inn under KN-kode 1202 10 90 (med skal) og 1202 20 00, og produkt framstilte av jordnøtter som høyrer inn under KN-kode 2008 11 92 (i forbrukaremballasje med ei nettovekt på over 1 kg) og 2008 11 96 (høgst 1 kg), som har opphav i eller er sende frå Egypt:

Landbruksdepartementet

STADFESTAR

at jordnøttene i denne sendinga med kodennummeret..... (skriv inn kodennummeret for sendinga) som inneheld:

.....  
 .....  
 .....

(nærmare opplysningar om sendinga, produktet, talet på og typen emballasjeiningar, brutto- eller nettovekt)

som er vortne lasta inn i .....  
 (innlastingsstad)

av .....  
 (namnet på transportøren)

og som skal sendast til .....  
 (mottakarstad og mottakarstat)

og som kjem frå verksemda .....  
 (namnet på og adressa til verksemda)

er vortne produserte, sorterte, handterte, handsama, emballerte og transporterte i samsvar med god hygienepraksis.

Frå denne sendinga vart det ..... (dato) teke ..... (talet på prøver) prøver av jordnøtter, og desse prøvene vart analyserte ..... (dato) ved ..... (namnet på laboratoriet) for å fastsetje innhaldet av aflatoksin B1 og det samla innhaldet av aflatoksin, og alle opplysningar om prøvetaking, analysemetodar og resultat er vedlagde.

Utfërda i ..... den .....

Stempelet og underskrifta til  
 representanten for det egyptiske  
 landbruksdepartementet

\_\_\_\_\_

## VEDLEGG II

**Liste over innførselsstader som jordnøtter og produkt framstilte av jordnøtter som har opphav i eller er sende frå Egypt, kan importerast gjennom til Det europeiske fellesskapet**

Medlemsstat	Innførselsstad
Belgique-België	Anvers-Antwerpen
Danmark	Alle danske hamner, lufthamner og grensestasjonar
Deutschland	HZA Lörrach-ZA Weil am Rhein-Autobahn, HZA Stuttgart-ZA Flughafen, HZA München-Flughafen, HZA Hof-ZA Schirnding, HZA Weiden-ZA Furth i. Wald-Schafberg, HZA Weiden-ZA Furth i. Wald-Schafberg, HZA Weiden-ZA Waidhaus-Autobahn, Bezirksamt Reinickendorf von Berlin, Abteilung Finanzen, Wirtschaft und Kultur, Veterinär- und Lebensmittelaufsichtsamt, Grenzkontrollstelle, HZA Frankfurt (Oder) ZA Autobahn, HZA Cottbus-ZA Forst-Autobahn, HZA Bremen-ZA Neustädter Hafen, HZA Bremerhaven-ZA Container Terminal, HZA Bremerhaven-ZA Rotersand, HZA Hamburg-Freihafen-Abfertigungsstelle, HZA Hamburg-Freihafen-ZA Ericus-Abfertigungsstelle Südbahnhof, HZA Hamburg-Freihafen-ZA Köhlfleedamm, HZA Hamburg-ST Annen-ZA Altona, HZA Hamburg-Waltershof-Abfertigungsstelle, HZA Hamburg-Waltershof-ZA Flughafen, HZA Frankfurt-am-Main-Flughafen, HZA Braunschweig-Abfertigungsstelle, HZA Hannover-Abfertigungsstelle, HZA Lüneburg-ZA Stade, Stadtverwaltung Dresden, Lebensmittelüberwachungs- und Veterinäramt, Grenzkontrollstelle Dresden-Friedrichstadt (für Bahntransport), Landratsamt Weisseritzkreis, Lebensmittelüberwachungs- und Veterinäramt, Grenzkontrollstelle (für Straßentransport), Landratsamt Niederschlesischer Oberlausitzkreis Lebensmittelüberwachungs- und Veterinäramt, Grenzkontrollstelle Ludwigsdorf (für Straßentransport), HZA Itzehoe-ZA Pinneberg, HZA Trier-ZA Idar-Oberstein, HZA Oldenburg-ZA Wilhelmshaven
Ελλάδαζ	Athina, Pireas, Elefsis, Airport of Athens, Thessaloniki, Volos, Patra, Iraklion of Krete, Airport of Krete, Euzoni, Idomeni, Ormenio, Kipi, Kakavia, Niki, Promahonas, Pithio, Igoumenitsa, Kristalopigi
España	Algeciras (puerto), Alicante (aeropuerto, puerto), Almería (aeropuerto, puerto), Barcelona (aeropuerto, puerto), Bilbao (aeropuerto, puerto), Cádiz (puerto), Cartagena (puerto), Gijón (aeropuerto, puerto), Huelva (puerto), A Coruña-Santiago de Compostela (aeropuerto, puerto), Las Palmas de Gran Canaria (aeropuerto, puerto), Madrid-Barajas (aeropuerto), Málaga (aeropuerto, puerto), Palma de Mallorca (aeropuerto), Pasajes-Irún (aeropuerto, puerto), Santa Cruz de Tenerife (aeropuerto, puerto), Santander (aeropuerto, puerto), Sevilla (aeropuerto, puerto), Tarragona (puerto), Valencia (aeropuerto, puerto), Vigo-Vilagareia (aeropuerto), Marín (puerto), Vitoria (aeropuerto), Zaragoza (aeropuerto)
France	Marseille (Bouches-du-Rhône) Le Havre (Seine-Maritime)
Ireland	Alle hamner, lufthamner og grensestasjonar
Italia	Ufficio Sanità marittima ed aerea di Ancona Ufficio Sanità marittima ed aerea di Bari Ufficio Sanità marittima ed aerea di Genova Ufficio Sanità marittima di Livorno Ufficio Sanità marittima ed aerea di Napoli Ufficio Sanità marittima di Ravenna Ufficio Sanità marittima di Salerno Ufficio Sanità marittima ed aerea di Trieste

Medlemsstat	Innførselsstad
Luxembourg	Centre douanier, croix de Gasperich, Luxembourg
Nederland	Rotterdam
Österreich	Nickelsdorf, Spielfeld
Portugal	Lisboa
Suomi-Finland	Helsinki
Sverige	Göteborg
United Kingdom	Channel Tunnel Terminal, Dover, Felixstowe, Gatwick Airport, Goole, Grange-mouth, Harwich, Heathrow Airport, Heysham, Hull, Immingham, Ipswich, King's Lynn, Leith, Liverpool, London (including Tilbury and Thamesport), Manchester Airport, Manchester Container Port, Manchester including Ellesmere Port, Middlesborough, Newhaven, Poole, Shoreham, Southampton.